

Ørestø og Migaren
Naturreservat i Gjesdal kommune
Forvaltningsplan



Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga
2006

Jeg spør tusenårseika:

*Hva er meningen
med å leve,
holde på så lenge ?*

*Treet svarer med å
slippe en edderkopp
ned i mitt hode.*

Harald Sverdrup

Foto:

Bakgrunnsbilde: Fylkesmannen i Rogaland, miljø

Bokfink: Baard Næss/Samfoto

Hettesopp: Tore Nilsen

Svartrandmålar: Tore Nilsen

Innhald

Kap. 1 Innleiing.....	5
1.1 Korleis har planen blitt til?	5
1.2 Høyring og godkjenning av planen.....	6
1.3 Randsona.....	6
Kap. 2 Områdebeskriving	6
2.1 Avgrensing.....	6
2.2 Føremål med fredningane	7
2.3 Biologiske verdiar	7
2.4 Brukarinteresser	11
2.5 Planstatus	11
Kap. 3 Mål og strategiar.....	11
3.1 Mål for forvaltning av naturreservat i Noreg.....	11
3.2 Mål for forvaltning av Ørestø og Migaren.....	11
Kap. 4 Retningslinjer for brukarinteressene	12
4.1 Husdyrbeite og beitetiltak	13
4.2 Skogsdrift.....	13
4.3 Motorferdsle.....	14
4.4 Bygningar, anlegg og faste innretningar.....	14
4.5 Friluftsliv og tilrettelegging for ferdsle	14
4.6 Jakt.....	16
4.7 Sanking av bær og sopp, bålbreining.....	15
4.8 Forsking og undervisning	17
4.9 Geologiske undersøkingar	17
4.10 Vedlikehald av brønnar i Migaren	17
Kap. 5 Tiltaksplan.....	17
5.1 Grensemerking og informasjon	17
5.2 Tilrettelegging for friluftsliv	18
5.3 Skjøtsel.....	18
5.4 Overvaking og oppsyn	20
5.5 Oppsummering av aktuelle tiltak innanfor naturreservata.....	20
Litteraturliste	21

1.1 Korleis har planen blitt til?	5
1.2 Høyring og godkjenning av planen.....	6
1.3 Randsona.....	6
2.1 Avgrensing.....	6
2.2 Føremål med fredningane	7
2.3 Biologiske verdiar	7
2.4 Brukarinteresser	11
2.5 Planstatus	11
3.1 Mål for forvaltning av naturreservat i Noreg.....	11
3.2 Mål for forvaltning av Ørestø og Migaren.....	11
4.1 Husdyrbeite og beitetiltak	13
4.2 Skogsdrift.....	13

4.3 Motorferdsle.....	14
4.4 Bygningar, anlegg og faste innretningar.....	14
4.5 Friluftsliv og tilrettelegging for ferdsle	15
4.6 Jakt.....	16
4.7 Sanking av bær og sopp, bålbrekking.....	16
4.8 Forsking og undervisning	17
4.9 Geologiske undersøkingar	17
4.10 Vedlikehald av brønnar i Migaren.....	17
5.1 Grensemerking og informasjon	18
5.2 Tilrettelegging for friluftsliv.....	18
5.3 Skjøtsel.....	19
5.4 Overvaking og oppsyn.....	21
5.5 Oppsummering av aktuelle tiltak innanfor naturreservata.....	21

Vedlegg 1 og 2: Verneforskrifter

Vedlegg 3 : Vernekart

Kap. 1 Innleiing

Naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003, samstundes med tilgrensande Frafjordheiane landskapsvernområde. Reservata ligg begge i Gjesdal kommune, som også har forvaltningsmynde for reservata.

Forvaltningsplanen skal vera eit strategisk dokument, retningsgjevande for ei langsiktig og god forvaltning av verneverdiane i reservata. Planen skal søkje å klargjere for brukarar og andre interesser i verneområda korleis forvaltningsstyresmakta vil handheve verneforskriftene. Naturreservat er den strengaste verneforma etter naturvernlova, og gir derfor særst lite rom for aktivitet som kan ha innverknad på verneverdiane. Planen skal vere ei rettesnor for kva tiltak som skal prioriterast innanfor områda, t.d. informasjon, tilrettelegging og skjøtsel.

Planen skal utarbeidast innanfor rammene av dei restriksjonane som er trekte opp i verneforskriftene. Planen kan såleis ikkje gi føringar som ikkje er heimla i verneforskriftene eller på anna vis innehalde endringar i restriksjonsnivå i høve desse.

Forvaltningsplanen sin status er retningsgjevande og gir ikkje juridiske følgjer utover ramma for verneforskrifta. Ein kan heller ikkje gjennom planen pålegge brukarar/rettshavarar å gjennomføre tiltak.

Planen gjeld frå han er eigengodkjend av fylkesmannen og inntil vidare. Han bør reviderast etter behov, minst kvart 10. år.

1. 1 Korleis har planen blitt til?

Fylkesmannen starta arbeidet med forvaltningsplanen i oktober 2002, som del av forvaltningsplanen for Frafjordheiane landskapsvernområde. Planarbeidet i reservata gjeld etter måten få grunneigarar, og berre Gjesdal kommune. Planen har også meir avgrensa høyrings- og sakshandsamingrutinar. Ein har derfor valt å utarbeide og høyre denne planen som eit eige plandokument, og ikkje som del av forvaltningsplan for landskapsvernområdet.

Det er fylkesmannen som har hatt ansvaret for planprosessen og utarbeiding av planen. For å sikre ei brei deltaking i prosessen vidareførte ein i perioden oktober 2002 til februar 2003 den rådgjevande prosjektgruppa som var aktiv under verneplanarbeidet i Frafjordheiane, samt oppretta kommunevise arbeidsgrupper. Forvaltning av naturreservata inngjekk i denne prosessen, om enn berre i avgrensa grad.

Eit grovutkast til plan for landskapsvernområde og naturreservata vart sluttdrøfta på eit møte i prosjektgruppa for Frafjordheiane i mai 2003. Deretter blei arbeidet stilt i bero i påvente av det endelege vernevedtaket i Regjeringa.

Fylkesmannen vil nytte høve til å takke alle dei som har deltatt i prosessen for konstruktivt og nyttig samarbeid.

1.2 Høyring og godkjenning av planen

Planen vert sendt på høyring til aktuelle interesser. Deretter vil merknader til planen bli oppsummert, planinnhaldet eventuelt revidert, og så eigengodkjent av fylkesmannen som rette styresmakt. Godkjent plandokument blir sendt ut til aktuelle høyringsadressatar. Ein vil da gjere merksam på klageadgang og rett til innsyn i dokument, jfr. forvaltningslova kap. VI. Direktoratet for naturforvaltning vil handsame eventuelle klager på planen.

1.3 Randsona

Forvaltningsplanen gjeld innanfor vernegrensa. Det vil likevel ha mykje å seie for verneområda at kvalitetar i tilgrensa areal vert tekne vare på, og at tiltak i randsona vert samordna. Det er difor viktig at grunneigarar, kommunar og andre instansar forvaltar dei tilgrensa areala på ein måte som gjer at verneverdiane i verneområdet ikkje vert skadelidande.

Kap. 2 Områdebeskriving

2.1 Avgrensing

Naturreservata ligg langs nordsida av fjorden (Ørestø) og dalbotn (Migaren) i Frafjord, Gjesdal kommune, sørvest i Frafjordheiane landskapsvernområde.



Kart over Migaren og Ørestø naturreservater med raud grense, Frafjordheiane landskapsvern med grøn.

Naturreservata Migaren og Ørestø omfattar høvesvis 561 dekar og 779 dekar. Alt areal er i privat eige, med unntak av ein hogstrett for Lyse Produksjon i Ørestø. Gards- og

bruksnummer framgår av § 1 i verneforskriftene. I høve til områdebeskriving vert det synt til kap. 2.1.4 og 2.1.5 i *Verneplan for Frafjordheiane*. I tillegg gir ei rekke bøker og skriv om Frafjordheiane gode skildringar om natur- og kulturtilhøva i regionen (mellom andre *Stavanger Turistforening 1987*, og *Thomsen 2002*).

2.2 Føremål med fredningane

Føremålet med fredinga av Migaren naturreservat er å ta vare på eit spesielt naturområde med ein særprega naturrikdom i form av naturtypar, artar og naturlege økologiske prosessar. Området har rik edellauvskog med alm, ask og lind, og med innslag av styvingstre, som også er leveområde for m.a. fleire sjeldne mose- og lavartar og insektsamfunn. Området har stor verdi som vitskapeleg referanseområde (verneforskrifta § 2).

Føremålet med fredinga av Ørestø naturreservat er å ta vare på eit spesielt naturområde, der gradienten frå sjøen og opp til lågheia går gjennom edellauvskog, naturleg furuskog, bjørkeskog og vidare opp til skogsnaue, fuktige lyngheier. Området har stor naturrikdom i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar, og har stor verdi som vitskapeleg referanseområde. Den eigenarta edellauvskogen med lind, eik og ask og mange styvingstre har ein svært interessant lav- og moseflora. Området har eit rikt fugleliv, og er eit viktig hekkeområde for spurvefugl og hakkespettar.



Liljekonvall trivst i sørvendte edellauv-skogar.
Foto: J. Wesenberg/Norsk Botanisk Forening, plantefotoarkiv



Bokfink – eit godt døme på den rike fuglefaunaen.
Foto: Baard Næss/Samfoto

2.3 Biologiske verdiar

Flora- og faunaregistreringar som vart utført i samband med verneplanprosessen synte at både Migaren og Ørestø hadde spesielt stort artsmangfald i høve til andre undersøkte område i Frafjordheiane. Områda heller mot sør, noko som gjer høg innstråling og grunnlag for stor produksjon. Vekslande innslag av rasmark, bratte fjellknausar og meir stabile massar, mange småbekkar og mykje dødt plantenedfall har gitt grunnlag for varierte plante- og insektsamfunn (*Johnsen 2000*). Innafor desse gruppene er det registrert artar som er oppført i den nasjonale raudlista over truga artar (jf. kapittel 2.1.4 i verneplanen, og *DN-rapport 1999-3*). Dette igjen gir grunnlag for eit usedvanleg rikt fugleliv. I så måte inngår reservata i komplekset Frafjordvassdraget/ Røssdalen/Vinddalen/Espedal som det mest fuglerike området i Ryfylke (og heile Rogaland utanom Jæren), med fleire sjeldsynte og truga fugleslag (*Roalkvam 1979*, *Roalkvam 1983*, *Tysse 2000*).

Migaren naturreservat

Vegetasjonssonane er sterkt prega av den dominerande og vekslande rasmarka, med større parti med ur. Den til dels storvaksne og grove edellauvskogen har artar som hegg, gråor, svartor, bjørk, rogn og villapal, frisk alm- og ask-lindeskog, og mange gamle styvingstre.



Migaren naturreservat med omtrentleg vernegrense i blått. Nord er øvst i bilde. Frå vatnet og til øvst i reservatet er det ca 575 m. Foto: Norsk fly og Flyfoto AS

I feltskiktet finn ein regionalt sjeldsynte artar som *skogsvingel*, *kjempesvingel*, *myske*, *vanleg maigull*, *maurarve*, *slakkstorr* og *skognesle*. Sjå bilete av artane på nettsidene <http://www.nhm.uio.no/botanisk/nbf/plantefoto/index-alfnor.htm>. Sjeldsynte hannelav-arter som *Leptogium cochleatum* (*Prakthinnelav*), *irsk hannelav*, *kranshinnelav* og bladmosen *butt urnemose* finn ein fleire stader i området. Lav-floraen er elles rik på forureinings-kjennslege artar, og nøkkelartar for biologisk interessante biotopar; så som *Lungenever* (*Lobaria pulmonaria*), filtlav (*Pannaria sp* og *Degelia sp.*) og porelav (*Sticta sp.*). Sjå bilete av desse artane på <http://www.toyen.uio.no/botanisk/lavherb.htm>.



Lungenever (*Lobaria pulmonaria*). Foto: Norsk Botanisk Forening, plantefotoarkiv



Prakthinnelav (grå), Krypsilkemose (grøngul), Matteblæremose (raud). Foto: NBF

Insektsfaunaen har fleire gode indikatorartar. Eit par av artane er her funne for første gong i Sør-Rogaland (*Nielsen 2000*). Reservatet har stort biologisk potensiale, med mange nisjer for eit stort mangfald av insekter og andre invertebratar, og utgjer i så måte eit lokal ressursområde for forskning og undervisning.



Grønn sandjeger. Foto: Tore Nilsen



Sitronsommarfugl Foto: Tore Nilsen

Ørestø naturreservat

Gamle styva eiketre syner kulturpåverknaden, men området har likevel naturskog/urskogspreg med mykje daud. Midt på 1980-talet var feltsjiktet i reservatet sterkt beitepåverka; truleg er dette noko redusert. Det bratte lendet gjer at skogstypene er fragmentarisk utforma, med eik på djupare jord, storvaksen lind- og eik-askeskog veks på rasvifter, medan gråorskog veks stadvis langs sjøen og fuktigare bekkedrag. Reservatet har ein verdifull vegetasjons-gradient frå frodig strandsone til lynghei og fjellbjørkeskog 700 m over Frafjorden.


Utetter bergveggen finn ein rik oseanisk flora med regionalt sjeldsynte planteartar som *engtjæreblom*, *liljekonvall*, *olavskjegg*, *lintorskemunn*, *prikkperikum* og *bitterbergknapp*. Kystplante så som *kusymre*, *bergflette* (sørleg) og *blodtopp* er sjeldsynte i Frafjord – Espedalområde. Det same gjeld meir varmekjære planter som *bergperikum*, orkideen *breiflangre* (sjeldsynt), *lundgrønaks* og *sanikel*. I gråorskogen langs sjøen veks fine bestandar av *slakkstorr*. Reservatet er sørvendt, ligg ved sjøen og har mange bekkar. Som i Migaren-området skaper dette grunnlag for eit særst rikt mangfald av plantenedbrytarar, så som insekt, sopp, lav og mose og anna flora (*Nielsen 2000*, *Johnsen 2000*).



Spettmeisen – ein annan karakterart. Foto: Arvid Tjøsheim



På varme sumardagar flyg blåvengene i opnare lende. Larvane lever på erteplanter. Foto: Tore Nielsen



*Ørestø naturreservat med omtrentleg vernegrense (blått), Øyren-osen nede til høgre.
Foto: Norsk Fly og Flyfoto AS*

Interessant og til dels sjeldsynt lav- og moseflora inneheld artar som *nervesotmose*, cf. *Seterknausing*, *ekornmose*, *trådskruevrangmose*, *reipmose*, *galleteppe*, cf. *sporebusthette*, *grynfiltlav*, *kystfiltlav* og *irsk hannelav*. *Hannelav*-arten *Leptogium hibernicum* er rekna som nasjonalt direkte truga.

Mange av insektsartane er krevjande med omsyn til livsmiljø og har lett for å forsvinne når gammel skog vert hoggen.

Fuglefaunaen er også her svært rik (*Roalkvam* 1979, *Roalkvam* 1983, *Tysse* 2000), med fleire truga artar. Ugler, spettar, spettmeis og andre fugleartar med spesielle krav finn her sitt særprega livsmiljø.

I Ørestø-reservatet stod det tidlegare ein not-tørke for notlaget i Frafjord (*Mikkelson*, G. 1994, s.108), frå den tida da silde- og brislingfiske var ei svært viktig tilleggsnæring på gardane. Byggeår er usikkert, men bygningen vart truleg teken av ei flodbølge i samband med eit ras i Frafjord om lag 1932 (*Gerhard Frafjord pers. med.* 2006).

2.4 Brukarinteresser

For ei generell beskriving av brukarinteresser vert det synt til kapittel 2.2 i *Verneplan for Frafjordheiane*.

Det går stiar gjennom naturreservata som vert nytta for å drive sauer og kyr til beiteområde høgare oppe. Desse vert og nytta av turfolk og hytte/stølseigarar. Vegetasjonen er truleg noko prega av beite, spesielt omkring heiastien langs nordvest-grensa i Ørestø og i opnare kysthei øvst oppe. Dei brattare partia er generelt så tungt tilgjengelege sjølv for beitedyr at beitepresset totalt sett er etter måten lågt.

Tidlegare har skogsressursane vore nytta til ved og tømmer, og til dyrefor (styving). Vanskelege driftstilhøve og nyare tids landbruk har gjort at styvinga i stor grad er avvikla. Eit fåtal av brukarane har likevel drive litt vedhogst innanfor området. Dei har peika på at vernet vil kunne innebera vanskar med å vinsja tømmer/ved frå terrenget ovanfor reservata og gjennom desse.

I Migaren ligg det to brønnar som forsyner fem bruk og to husstandar med vatn (gnr.bnr. 55/1, 55/2, 55/5, 55/7 og 55/9). For å tilfredstilla krav frå Næringsmiddeltilsynet er det aktuelt å setja ned nye kum-ringar og tak over brønnane, noko som vil krevje motorisert transport. Grunneigarane har peika på at dei primært ønskjer at det vert gitt opning for bygging av traktorveg i samband med dette.

2.5 Planstatus

I *Kommunedelplan for Gjesdal kommune 1998 – 2010, arealdelen* (Gjesdal kommune 1998) er Ørestø naturreservat synt som ”LNF-område der naturvern/friluftsliv er dominerande”. Migaren er synt dels som vanleg LNF-område, dels som LNF-område der friluftsliv/naturvern er dominerande”.

Kap. 3 Mål og strategiar

3.1 Mål for forvaltning av naturreservat i Noreg

Hovedføremålet med naturreservat er ifølgje lovteksten i naturvernlova (§ 8) å ta vare på ”områder som har urørt, eller tilnærmet urørt natur eller utgjør spesielle naturtyper som har særskilt vitenskapelig eller pedagogisk betydning eller som skiller seg ut ved sin egenart. Et område kan totalfredes eller fredes for bestemte formål som skogsreservat, myrreservat, fuglereservat eller liknende.”

3.2 Mål for forvaltning av Ørestø og Migaren

Forvaltningsstyresmakta skal fremje verneformåla for naturreservata Ørestø og Migaren på kort og lang sikt, slik dette er uttrykt i verneforskriftene § 2.

Mål	Å ta vare på reservata som spesielle naturområde med stor og særprega naturrikdom, med tilhøyrande mangfald av artar og økosystem.
Strategiar	<p>Naturvernomsyn skal vera overordna andre omsyn, og naturen sine egne prosessar skal vera styrande.</p> <p>Unngå alle former for inngrep, aktivitet og bruk som vil kunne ha negativ innverknad på naturverdiane på kort og lang sikt. Svært streng behovsvurdering/tilpassing i høve til eventuelle inngrep/aktivitetar.</p> <p>Spesiell merksemd på sjeldsynte og sårbare artar, og artar som kan vera avhengig av kulturpåverknad. Registrering, overvaking og eventuell skjøtsel for å ta vare på spesielt truga artar.</p> <p>Kontroll/uttak av framande artar som kan ha negativ innverknad på verneverdiane.</p> <p>Behalda og utvikla urskogsprege med god sjikting, gamle store tre og mykje død ved.</p> <p>Overvaking av bruk (beitetrykk og ferdslar).</p> <p>Aktiv bruk av verkemiddel for å stimulera til lyngheskjøtsel øvst i Ørestø</p>



Blomsterflugene er viktige for plantepollinering. Larvane av mange artar èt bladlus og er såleis positive for plantelivet. Foto: Tore Nielsen



Svartrandmålar liknar svart og kvit fugleskit, og unngår dermed å bli eten av fuglar. Foto: Tore Nielsen

Kap. 4 Retningslinjer for brukarinteressene

Rundskrivet *Direktoratet for naturforvaltning, november 2001: Naturvernloven - Forvaltning av verneforskrifter* vil vere bindande for forvaltningsstyresmakta si skjønnsutøving. Likeeins legg ein til grunn Miljøverndepartementet sitt framlegg til kronprinsregenten sin resolusjon (fredningsvedtaket).

Det som står i tekstboksane nedanfor er teke frå verneforskriftene (sjå vedlegg). Tala i parentes syner til dei aktuelle reglane.

4.1 Husdyrbeite og beitetiltak

Verneforskrifta set forbod mot: Skade og øydelegging av vegetasjon. Tiltak som kan endre naturmiljøet som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og permanente og førebelse innretningar, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske midlar (§ 3 pkt. 1 og 3).

Verneforskrifta er ikkje til hinder for: Beite og vedlikehald av sti i samråd med forvaltningsstyresmakt (§ 4 pkt. 2 og 4).

Beiting vil kunne halda fram slik det har vore praktisert dei seinare åra. Vesentleg endring av beitebruk og nye dyreslag som vil kunne ha uheldig innverknad på naturmiljøet, t.d. meir konsentrert/uheldig beitepress eller redusert naturleg forynging av treslag, er likevel ikkje tillate. Naudsynte tiltak/inngrep i samband med beitedrifta, som t.d. utbetring av skårfeste og oppsetting av gjerde er i utgangspunktet i strid med regelverket. Eventuelle tiltak i samband med beitedrift vil måtte vurderast i høve til dispensasjonsregelen, § 7 i forskriftene.



Saubeite set tydeleg preg på marksjiktet og "beiteskogen". Foto: Per Kristian Austbø

4.2 Skogsdrift

Verneforskrifta set forbod mot: Skade og øydelegging av vegetasjon. Fjerning av planter eller plantedelar frå reservatet. Innføring av nye planteartar. Planting eller såing av tre. (§ 3 pkt. 1). Tiltak som kan endre naturmiljøet som t.d. bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, gjødsling og kalking (§ 3 pkt. 2).

Verneforskrifta er ikkje til hinder for: Gjennomføring av skjøtsel og forvaltning som er bestemt av forvaltningsstyresmakta (§ 4).

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til: Vedhogst (§ 5 pkt. 1)

All skogsdrift, vedhogst, rydding og tynning er forbode. Forbodet gjeld og fjerning av rotvelte og daud ved, fordi slikt virke er heilt naudsynte leveområde for sopp, insekt m.m.

Forvaltningsstyresmakta vil ikkje gje løyve til hogst med mindre hogsten vert vurdert å ha ein klar positiv verknad i høve til verneføremålet, til dømes i tilgroande kysthei øvst i Ørestø.

Mangfaldet i naturreservata er i hovudsak knytt til gamal og villmarksprega skog. Hogst vil kunne gje endra lystilgang og råme og vera negativt for sårbare artar. Vedhogst vil først kunne gjennomførast som ledd i skjøtsel, i samsvar med utarbeida skjøtelsplan med vekt på artsrikdom. For drøfting av skjøtselstiltak sjå kap. 5.3.

Det vil bli gitt løyve til uttak av gran i Ørestø og Migaren når dette måtte vere ønskjeleg.

Transport av tømmer eller ved gjennom Ørestø-reservatet frå areala ovanfor vil truleg krevja inngrep og aktivitetar (motorisert ferdsle, hogst, installasjonar som t.d. løypestreng) som i utgangspunktet vil vera i strid med vernereglane. Slike inngrep/aktivitetar må eventuelt avklarast etter søknad.

Rydding av vegetasjon i samband med skjøtsel og vedlikehald av sti er omtalt i eige avsnitt nedanfor.

4.3 Motorferdsle

Verneforskrifta set forbod mot: Motorisert ferdsle, medrekna start og landing med luftfartøy (§ 3 pkt. 4)

Verneforskrifta er ikkje til hinder for: Gjennomføring av militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd (§ 4).

Forbodet gjeld alle typar motorferdsle. I samband med planprosessen er det ikkje meldt inn transportbehov (med unntak av brønnane i Migaren, sjå nedanfor). Det er ikkje vegar i området. Topografien tilseier og at ein ikkje ser føre seg motorisert ferdsle i området.

4.4 Bygningar, anlegg og faste innretningar

Verneforskrifta set forbod mot: Oppføring av bygningar, anlegg, permanente og førebelse innretningar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar og bygging av vegar, samt drenering og anna form for tørrlegging (§ 3 pkt. 3).

Forbodet gjeld alle typar bygg, innhegningar og gjerde, klopper, bruer, master m.m. Eventuelle naudsynte innretningar i samband med beitedrift eller for å sikra ferdsle må handterast som dispensasjon etter § 7 i forskrifta. Det er i dag ikkje bygg eller vegar innanfor naturreservata. Tiltak i samband med brønnane i Migaren er omtala nedanfor. Ein ser ikkje føre seg at forvaltningsstyresmakta vil dispensera frå forbodet mot bygg, anlegg og faste innretningar. Vanskelege driftstilhøve og stor helling gjer at slike tiltak ikkje vert vurdert som særleg aktuelle. Det ligg ei tuft etter eit gamalt not-hus innanfor Ørestø naturreservat.

Gjennoppbygging av denne må eventuelt vurderast etter § 7 og i samråd med kulturminnestyresmakta. Forvaltningsstyresmakta vil ikkje prioritere oppattbygging.

I Migaren er det etter vernet komme fram planar om minikraftanlegg ved å nytte fallet frå Molaugvatnet og vidare ned Frafjordelva. Elva er verna vassdrag, men praksis i slike vassdrag har likevel opna for å kunne nytte 10-15 % av middelvassføringa. Planane i Migaran inneber nedgraving av røyrgate tvers over landtunga ved grensepunkt 19 og nedetter reservatgrensa (sjå vernekart). Dette vil innebere eit betydeleg og varig inngrep, tvers gjennom lokalitetar med svært sjeldsynte planter. Dispensasjon til dette kan ikkje påreknast.

4.5 Friluftsliv og tilrettelegging for ferdsle

Verneforskrifta set forbod mot: Skade og øydelegging av vegetasjon (§ 3 pkt. 1). Oppføring av anlegg og permanente og førebelse innretningar (§ 3 pkt. 3)


Verneforskrifta er ikkje til hinder for: Vedlikehald av sti i samråd med forvaltningsstyresmakta (§ 3 pkt. 4).

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til fredningsføremålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av naturreservatet (§ 6).

Det er i utgangspunktet ingen restriksjonar på ferdsel i naturreservata. Direktoratet for naturforvaltning kan i særskilte tilfelle innføre ferdselsforbod i delar av området, noko ein i dag ikkje ser behov for. Ein ser føre seg at stiar gjennom naturreservata vil bli haldne vedlike med naudsynt hogst/krattrydding. Dette kan på ein enkel måte avklarast med forvaltningsstyresmakta på førehand.

Meir omfattande tilrettelegging for friluftsliv kan ikkje gjennomførast. Enkel tilrettelegging for å kanalisera og sikra ferdsle (enkle klopper og bruer) vil likevel kunne vurderast etter § 7 i forskrifta.

Det vil ikkje bli gjeve dispensasjon til faste organiserte arrangement som kan skade verneverdiane, men regelverket er ikkje til hinder for at det vert arrangert fotturar der dei etablerte stiane vert nytta, til dømes i samband med reiselivsnæring på Øyren.



Ørestø naturreservat ligg solvendt ned mot fjorden, noko som gir særskild rik flora og fauna. Foto: Audun Steinnes

4.6 Jakt

Verneforskrifta set forbod mot: Skade og øydelegging av dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde (§ 3 pkt. 2)

Verneforskrifta er ikkje til hinder for: Jakt etter føresegnene i viltlova.

Jakt kan drivast i samsvar med viltlova og etter dei reglane som gjeld for kommunen.

4.7 Sanking av bær og sopp, bålrensing

Verneforskrifta set forbod mot: Skade og øydelegging av vegetasjon. Fjerning av plantar eller plantedelar frå reservata (§ 3 pkt. 1).

Verneforskrifta er ikkje til hinder for: Sanking av bær og matsopp (§ 4 pkt. 1)

Verneforskriftene opnar for plukking av bær og matsopp. All anna plukking av levande og daude plantar er forbode. Likeså er bålbrenning forbode heile året.

4.8 Forsking og undervisning

Verneforskrifta set forbod mot: Skade og øydelegging av vegetasjon. Fjerning av plantar eller plantedelar frå reservata (§ 3 pkt. 1).

Forvaltningstyresmakta kan gje løyve til: Vitskapelege granskingar (§ 7)

Forvaltningsstyresmakta vil sjå positivt på søknader om dispensasjonar for tiltak knytt til forskning/overvaking som vil auka kunnskapen om området og såleis styrka forvaltninga. Ein vil likevel vere restriktiv i høve undersøkingar og prøvetaking som kan gi negative følgjer for artsrikdommen.

4.9 Geologiske undersøkingar

Dersom det blir aktuelt med geologiske granskingar eller undersøkingar kan det gjevast løyve til dette gjennom dispensasjonsreglane i § 7 i forskrifta. Føresetnaden for slike løyver er at desse aktivitetane ikkje set varige spor i terrenget.

4.10 Vedlikehald av brønner i Migaren

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til: Utbetring og vedlikehald av eksisterande brønner, og naudsynt motorisert ferdsle i samband med dette (§ 5 pkt. 2).

Rettshavarar med brønner innanfor naturreservatet vil få dispensasjon til å oppgradera og vedlikehalda brønnane slik at dei oppfyller gjeldande krav.

Vesentlege endringar utover dagens behov som ikkje er klart naudsynte (som t.d. sterk auke i kapasitet eller tilkopling til fleire husstandar) og som vil føra til endringar i naturmiljøet, vil likevel ikkje vera tillate.

Veg opp til brønnane vil utgjera eit stort og varig inngrep som ikkje let seg kombinera med fredninga. Terrenget i området er kupert, og i høve til dei etter måten små opprustingstiltaka det er tale om, vil det vera eit unødig stort inngrep å byggja ny traktorveg. Naudsynt materialtransport til brønnane vil derimot kunne utførast enkelt med hjelp av til dømes helikopter. Ein ser føre seg at ein eventuell meirkostnad med denne transporten vil kunne dekkast av forvaltningsbudsjettet, evt. vurderast nærmare i samband med erstatningsoppgjeret (MD sitt framlegg til kronprinsreg. res., s. 33). Dersom det oppstår behov for utbetring av vassleidning må eventuelle dispensasjonar vurderast etter § 7.



*Daud ved – viktig for lav, mose og insekt.
Foto: Per Kristian Austbø*



*Bekkane gjennom reservata er livgivande.
Foto: Per Kristian Austbø*

Kap. 5 Tiltaksplan

Tiltak i verneområde skal normalt gjennomførast i samsvar med føringane i *DN – handbok 2, 1991, DN- håndbok 3 1993, DN-rapport 4, 1996, og DN – håndbok 17, 2001.*

5.1 Grensemerking og informasjon

Hausten 2005 gjennomførte Gjesdal kommune grensemerking i tilgjengelege knekkpunkt i vernegrensa, i tillegg til oppsetting av einskilde verneskilt. Arbeidet held fram i 2006. Det er også aktuelt å sette opp ei informasjonstavle om landskapsvernområdet på Øyren i Frafjord. Det vil vere naturleg å ta med noko informasjon om naturverdiar og vernereglar for naturreservata og Ørestø-reservatet spesielt. I Migaren er det lite ferdsle og etter det ein kjenner til ikkje behov for særskilt informasjon.

5.2 Tilrettelegging for friluftsliv

Friluftsliv er ikkje ein del av føremålet med vernet av dei to naturreservata. For begge naturreservata gjeld det at områda er svært bratte, ulendte og tungt tilgjengelege og dermed ikkje godt egna for friluftsliv. Det er generelt lite ferdsle, men noko meir i Ørestø, som gjennomgangsområde til heia ovanfor, og av besøkande på utleigehyttene på Øyren. Ferdsla går i all hovudsak langs dei eksisterande stiane. Det er ikkje registrert slitasjeproblem eller brukarkonfliktar som tilseier at det er behov for endringar eller utbetringar av stiane. Desse vil kunne haldast vedlike ved enkelt hogst/krattrydding, i samråd med forvaltningsstyresmakta.

5.3 Skjøtsel

Med skjøtsel meiner ein dei praktiske tiltaka som vernestyresmakta gjennomfører for å ta vare på områda sine naturkvalitetar, i samsvar med verneformålet. I Migaren og Ørestø vil det i første rekke vere aktuelt med avgrensa naturretta tiltak for å ta vare på einskildartar (planter, dyr) og deira leveområder, til dømes fjerning av framande treslag eller tilbakeskjering og fornying av styva tre. Høgareliggande delar av Ørestø-området har kystheipreg. Her vil det vere aktuelt med skogrydding og lyngbrenning.

DN- handbok nr. 17-2001 gjer føringar i høve til når det skal iverksetjast skjøtsel. Ein ser føre seg at styring og eventuelt noko vedhogst kan gjennomførast etter dispensasjon (jf. § 7) eller som skjøtsel i regi av eller etter avtale med forvaltningsstyresmakta, dersom det byggjer opp under føremålet med vernet. Sjå elles *Norderhaug, A. m.fl. 1999: Skjøtselsboka* for praktiske råd.

Heimelsgrunnlag for skjøtsel

Naturvernlova gir heimel til å gjennomføre skjøtsel innanfor avgrensa rammer, jfr. verneforskriftene § 8:

- Tiltaka må vera i samsvar med verneformåla.
- Forvaltningsstyresmakta kan gjennomføre skjøtsel (også med motorisert ferdslø) når dette er naudsynt. Dette inneber også tilbakeføringstiltak dersom verneverdiar er i ferd med å gå tapt og at resultatet av tiltaka vil bli av klart større verdi enn alternativet.
- Før gjennomføring av alle skjøtselstiltak skal grunneigar varslast i forkant.

Forvaltningsstyresmakta kan ikkje:

- påleggja private rettshavarar å utføra skjøtelsoppgåver.
- gjera biotopendrande tiltak i landskapet som medfører vesentlege endringar i forhold til naturtilstand ved vernetidspunktet (t.d. etablering av kunstige vatn, øyer o. l.).
- setja opp varige tekniske **anlegg** med tanke på friluftslivet (t.d. bygg, fugletårn), utan løyve frå grunneigar. Slike tiltak fører til varige bruksendringar av areala. I tillegg til å få grunneigars løyve må forvaltningsstyresmakta søke om dispensasjon frå vernereglane. Søknaden skal da handsamast av ein "sette-forvaltningsstyresmakt"

Slettet: å

Formatert: Punktmerking og nummerering

Slettet: å

Slettet: a

Slettet: å

Slettet: inngrep

Naturleg utvikling

Det er først og fremst langsiktig ivaretaking av naturtypene og dei tilhøyrande artane som skal vurderast i høve skjøtsel, ikkje omsynet til visuelle verdiar/ kulturminneaspektet. Innanfor naturreservata er det registrert eit stort mangfald av virvellause dyr, sopp og mosar. Desse gruppene har store krav til livsmiljøet, i første rekke gamle tre, daud ved og fuktig trevirke. For desse artane vil all hogst, uttak av gamal og ny skog og anna rydding kunne vera negativt. Mangfald innanfor desse gruppene vil og skapa grunnlag for eit rikt fugleliv (*Nielsen, T. 2000*). Dette tilseier at skogen som hovudregel bør få ei fri utvikling utan vesentleg menneskeleg påverknad. I dei spesielle tilfella som er beskrive nedanfor kan det likevel vera aktuelt å setja inn skjøtselstiltak.



Engtjæreblom - ei vakker plante i Ørestø. Foto: Per M. Hagen. Norsk Botanisk Forening, plantefotoarkiv

Kulturpåverka artar

Begge naturreservata er i noko grad kulturpåverka gjennom mellom anna beiting og styvingstre. Det er lenge sidan det vart styva, og hogsten har vore svært avgrensa dei siste åra. Mange og til dels sjeldne artar er spesielt knytt til dei gamle styva trea i naturreservata. Hovudregelen er at jo eldre tre desto større mangfald. Konkret dokumentasjon i høve til enkeltartar skal liggja til grunn for skjøtsel. Til dømes er lavartane *Leptogium hibernicum* (Irsk hannelav) registrert i Migaren, medan arten *Leptogium cochleatum* (Prakthannelav) er funne i begge naturreservata. Begge desse artane er registrert som direkte truga i den nasjonale raudlista over truga artar. Dei fleste funna av desse artane er gjort på gamle styva asketre.



Styva eik i Ørestø, kulturminne og levestad for rik flora og fauna. Foto Fylkesmannen, miljø

Dette indikerer at artane først og fremst er knytt til kulturpåverka areal med relativt god lystilgang. I høve til desse artane og eventuelt andre artar som er avhengig av kulturpåverknad vil det kunne vera aktuelt med registrering, overvaking og eventuell naudsynt skjøtselshogst for å gje meir lys rundt trea. Dersom føremålet er gje betre vilkår for artar som er avhengig av kulturpåverknad, må ein plukka ut område med gamle styva tre og etter måten open skogkultur. Uønska tilvekst bør fjernast, samstundes som ein bør styva nye tre etterkvart som dei gamle døyr. Det bør etablerast eit referanseområde der ein kan samanlikna utvikling med eit område der det ikkje vert gjennomført skjøtsel.

Beite

Det er framleis noko beiteaktivitet i områda. Dette kan ha påverka vegetasjonen i områda ved at lite beitetolerante artar (mjuke grasslag, urter) har fått meir avgrensa utbreiing. Treslagsmansetninga kan og ha vorte påverka ved at enkelte treslag som t.d. ask, lind og alm kan ha fått dårlegare forynging enn i skog som ikkje har vore beitt. Det er i dag likevel lite som tilseier at beitepresset har vore eller kjem til å verta så sterkt at det vil utgjera ein trussel i høve til mangfaldet. Dei viktigaste beiteområda ligg lenger oppe, og brattlende og ur er tungt tilgjengeleg sjølv for beitedyr. Det er derimot ikkje registrert artar som direkte er avhengige av denne drifta i reservata. Stimulering til fortsatt beiting i skogsareala (t.d. tilskotsbruk) vil ikkje vera eit aktuelt tiltak frå forvaltningsstyresmakta si side.

Uttak av gran

I naturreservat vil ein normalt ønske å ta ut artar som naturleg ikkje høyrer til i områda. I Ørestø er det eit mindre område med planta granskog, likeså finn ein grantre i Migaren. Det vil vere ønskjeleg at gran vert fjerna, i samarbeid med grunneigar/rettshavar.

Lynghai-skjøtsel

Areal med opnare kysthei er aktuell for skjøtsel, for å behalde det opne landskapet og frisk fornya lynghai. Hogst av tre-tilvekst og teig-brenning av gamal lyng og gras på desse areala vil vere eit prioritert tiltak.

5.4 Overvaking og oppsyn

Dei artane innanfor naturreservata som er teke med i raudlista over nasjonalt truga arter bør overvakast spesielt. Likeeins bør ein generelt gjennomføra meir flora- og faunaregistreringar i desse svært artsrike områda. Det er og aktuelt med overvaking av beitebruken og eventuelt attgroings- og slitasjeproblematikken jf. tabellen nedanfor.

Reservata inngår i ansvarsområde for regionalt Statens Naturoppsyn (SNO), som vil føre oppsyn med generell utvikling av verneområda og oppfølging av verneregler. SNO vil og kunne bidra med informasjon og fysiske forvaltningstiltak som vedlikehald av grensemerke/skilt og skjøtsel. SNO har eigne rutinar for tinging av oppgåver frå forvaltningsstyresmakta.

5.5 Oppsummering av aktuelle tiltak innanfor naturreservata

Aktuelle tilrådde tiltak er få og avgrensa. Normalt vil finansiering kunne skje gjennom årleg forvaltningsbudsjett for verneområde i Rogaland, etter konkret søknad til Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga.

Tiltak	Samarbeidsaktør	Prioritering
Oppsetting av grensemerke og verneskilt.	FM/SNO	1 Vert gjennomført 2006
Registrering og overvaking av raudlistearter og økosystem/nisjer, med utgangspunkt i registreringar år 2000. Skjøtselsråd.	SNO, FM, lokallag av Norsk Botanisk forening, Entomologisk forening, grunneigarar, forskingsinstitusjonar, høgskular.	1
Status og skjøtselsplan for styva skog i Ørestø. Forsiktige skjøtsel om naudsynt	Grunneigar, SNO	1
Lynghaiskjøtsel Ørestø	FM/SNO/Grunneigar	2
Informasjonstavle på Øyren	SNO, grunneigarar	2
Registrering av beite-aktivitet, sti-slitasje	SNO, grunneigarar	3
Uttak gran, framande tre og buskar	Grunneigarar	2
Varsam merking og rydding av stiar	Grunneigarar	3

Litteraturliste

- Direktoratet for naturforvaltning, 1999-3 : Nasjonal rødliste for truede arter i Noreg.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1996 - 4: Plan for tiltak i verneområder 1997 - 2003
- Direktoratet for naturforvaltning, 2001- 17: Områdevern og forvaltning (under revisjon)
- Direktoratet for naturforvaltning, nov. 2001: Naturvernloven - Forvaltning av verneforskrifter. Rundskriv
- Direktoratet for naturforvaltning, 2006 – 27: Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv. Håndbok.
- Fylkesmannen i Rogaland, 2001: Verneplan for Frafjordheiane.
- Johnsen, J. I., 2000: Moser notert og samlet i forbindelse med undersøkelser i Frafjordheiane, Gjesdal og Forsand kommune”, internt notat, 17 s.
- Gjesdal kommune 1998: Kommunedelplan for Gjesdal kommune 1998 – 2010, arealdelen
- Mikkelsen, G. 1994: Gards- og ættesoga for Gjesdal, indre del, Frafjord- og Østabødalen.
- Miljøverndepartementet 2003: Framlegg til vernevedtak, Kronprinsregentens resolusjon.
- Nielsen, T. R., 2000: Verneplanarbeid i Frafjordheiane – kartlegging av insekter og andre invertebrater i verneplanområdet år 2000. 37 s.
- Norderhaug A., red., 1999: Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget
- Roalkvam, R. 1979: Rapport frå zoologiske inventeringer i Frafjordheiene.
- Roalkvam, R. 1983: Samlet plan Rogaland 1983, Ornitologi. NOF-Rogaland.
- Stavanger Turistforening 1987: Frafjordheiene. Nasjonalpark i Rogaland. STF Årbok 1986
- Tysse, T., 2000: Rovfugl og lom i Frafjordheiene - en utredning i forbindelse med utarbeiding av verneplan.

Vedlegg 1

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR FRAFJORDHEIANE. VERN AV MIGAREN NATURRESERVAT, GJESDAL KOMMUNE I ROGALAND FYLKE.

Fastsett ved kronprinsregentens resolusjon av 19.12.2003 i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22, og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Naturreservatet omfattar følgjande gnr/bnr i Gjesdal kommune: 55/1,2,3,4,5,7,8, 9,13,27,52, 56/2, 57/1,2.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca 0,5 km². Grensene for naturreservatet går fram av vedlagde kart i målestokk 1:5000, datert Miljøverndepartementet desember 2003.

Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskriftene m/kart skal oppbevarast i Gjesdal kommune, hjå Fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit spesielt naturområde med ein særprega naturrikdom i form av naturtypar, artar og naturlege økologiske prosessar. Området har rik edellauvskog med alm, ask og lind, og med innslag av styvingstre, som også er leveområde for m.a. fleire sjeldne mose- og lavartar og insektsamfunn. Området har stor verdi som vitskapeleg referanseområde.

§ 3 VERNEREGLAR

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjon er freda mot skade og øydelegging.
Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging.
Nye dyrearter må ikkje innførast.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og permanente og førebelse innretningar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, dumping av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske midlar. Opplistinga er ikkje uttømmande.
4. Motorisert ferdslø er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.

§ 4 GENERELLE UNNTAK

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsel og forvaltning som er bestemt av forvaltningsstyresmakta.
2. Sanking av bær og matsopp.
3. Beite.
4. Jakt etter føresegnene i villlova.
5. Vedlikehald av sti i samråd med forvaltningsstyresmakta

§ 5 EVENTUELLE UNNTAK ETTER SØKNAD

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Vedhogst.

2. Utbetring og vedlikehald av eksisterande brønner, og naudsynt motorisert ferdsle i samband med dette.

§ 6 EVENTUELL REGULERING AV FERDSEL

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til fredingsføremålet ved forskrift forby eller regulere ferdsle i heile eller delar av naturreservatet.

§ 7 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med fredinga krev det, for vitskapelege granskingar, arbeid av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i andre særlege høve når dette ikkje er i strid med føremålet med fredinga.

§ 8 SKJØTSEL

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk skjøtselstiltak for å fremje fredingsføremålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9 FORVALTNINGSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for naturreservatet.

§ 10 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 2

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR FRAFJORDHEIANE. VERN AV ØRESTØ NATURRESERVAT, GJESDAL KOMMUNE I ROGALAND FYLKE.

Fastsett ved kronprinsregentens resolusjon 19.12.2003 i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22, og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Naturreservatet omfattar deler av gnr/bnr: 55/1,2,4,6,7,8,9,10,13,16,18 i Gjesdal kommune. Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca 0,7 km². Grensene for naturreservatet går fram av vedlagde kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet desember 2003.

Slettet: 1:50.000

Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskriftene m/kart skal oppbevarast i Gjesdal kommune, hjå Fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit spesielt naturområde, der gradienten frå sjøen og opp til lågheia går gjennom edellauvskog, naturleg furuskog, bjørkeskog og vidare opp til skogsnaue, fuktige lyngheiar. Området har stor naturrikdom i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar, og har stor verdi som vitskapeleg referanseområde. Den eigenarta edellauvskogen med lind, eik og ask og mange styvingstre er leveområde for ein svært interessant lav- og moseflora. Området har eit rikt fugleliv, og er eit viktig hekkeområde for spurvefugl og hakkespettar.

§ 3 VERNEREGLAR

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjon er freda mot skade og øydelegging.
Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging.
Nye dyrearter må ikkje innførast.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og permanente og førebelse innretningar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, dumping av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske midlar. Opplistinga er ikkje uttømmende.
4. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.

§ 4 GENERELLE UNNTAK

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for :

Gjennomføring av militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsel og forvaltning som er bestemt av forvaltningsstyresmakta.

Slettet: ¶

Føresegnene i § 3, pkt. 1-3, er ikkje til hinder for :

1. Sanking av bær og matsopp.
2. Beite.
3. Jakt etter føresegnene i viltlova.
4. Vedlikehald av sti i samråd med forvaltningsstyresmakta.

§ 5 EVENTUELLE UNNTAK ETTER SØKNAD

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Vedhogst
2. Etablering av kystverket sine anlegg som er naudsynt for tryggleiken på sjøen.

§ 6 EVENTUELL REGULERING AV FERDSEL

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til fredingsføremålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av naturreservatet.

§ 7 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med fredinga krev det, for vitskapelege granskingar, arbeid av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i andre særlege høve når dette ikkje er i strid med føremålet med fredinga.

§ 8 SKJØTSEL

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk skjøtselstiltak for å fremje fredingsføremålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9 FORVALTNINGSTYREMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for naturreservatet.

§ 10 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.